



Norsk Oljemuseum Årbok 2021



Mongstad-forteljinga i Statoil-historia

Alle historier har nokre forteljingar som må med, som definerer oss, uavhengig av om vi fortel om eit norsk oljeselskap, familien vår eller vår eiga historie. Så å seie alle historiene om Statoil inneheld minst éi historie om Mongstad-raffineriet. Kvifor? Er eigentleg forteljinga om Mongstad så viktig i Statoil si historie?

Av Julia Stangeland

Det er vanskeleg å seie akkurat når forteljinga om Mongstad byrja. Sånn reint kronologisk har den ei byrjing så klart. Det byrja med at Norsk Hydro og så British Petroleum (BP) bygde eit raffineri på Mongstad nord for Bergen på 1970-talet, men planane hadde eksistert lenge før det. Historia haldt fram med at Statoil fekk ein plass på Mongstad i 1976 og så fekk meir og meir å seie heilt til Hydro i 1987 selte seg ut av raffineriet. BP hadde forsvunne for lenge sidan.

Men det er ikkje denne forteljinga om Mongstad som er den eigentlege forteljinga, eller? Det er berre opptakten til alt som skjedde på 1980-talet, då politikarane velvillig eller motvillig gav si støtte til å bygge ut raffineriet, då Hydro fekk nok, då Statoil ikkje sa stopp og alle fekk sjokk, eller noko i den duren.

Det er ei forteljing om korleis eit raffineri kunne bli skrekkeleg mykje dyrare og korleis nokon blei sinte, medan dei mumla meir eller mindre høgt: «Kva var det vi sa?» Temaet for denne teksten er ikkje det som skjedde. I denne teksten vil eg undersøke kva som er grunnen til at denne forteljinga har fått plass i så å sei alle historiebøker om Statoil, som den litt flauge forteljinga som framleis blir dratt fram i familieselskap – sjølv om alle har hørt historia før. Dette er ei forteljing om politikk, industririvalisering og skuldingar om imperiebygging. Den handlar om fornuft og kjensler, om «symptomet Mongstad» og at det er flaut å innrømme feil. Men kanskje viktigast så er det ei god historie.

Ei forteljing med god dramaturgi

Det kan vere vanskeleg å tidfeste den gode



Forteljinga om raffineriet på Mongstad står sterkt i Statoil-historia. Kanskje er forklaringa at mange har brukta Mongstad-skandalen i 1987 som eit symptom for det som var problemet med å drive eit statleg oljeselskap? Foto: Leif Berge/Equinor

historia om Mongstad, men tematisk har den ein tydeleg start og ein endå tydelegare slutt. Det startar med planar om å bygge ut eit raffineri, held fram med kamp om å få lov til å gjennomføre og ei gjennomføring som skjer parallelt med at prosjektet blir dyrare og dyrare. Avslutninga er Arve Johnsen og styret sin avgang – og ei endra retning i Statoil si historie. Det er ingen som skriv korleis Mongstad-raffineriet

klarte seg økonomisk etter at det stod ferdig og byrja å produsere.

I tillegg til innleiing, hovuddel og avslutning har forteljinga også tydelege karakterar. Det er Statoil og Hydro, Johnsen og diverse sjefar i Hydro, det er politikarar på venstre- og høgre-sida i norsk politikk. Og i bakgrunnen lurer Statoil-styret som også har eit stort ansvar – fyrst i roller som



liknar statistar, seinare i roller som får dramaet til å snu.

For det er eit drama. Det har alt: intriger, skuldingar om imperiebygging, om stat i staten.

Som tilskodar kan ein velje kven ein vil støtte – det vågale, litt uforsvarlege og noko kjenslestyrte Statoil, eller det sindige og fornuftige Hydro? Dei er som to brør som kjemper om foreldras gunst, om støtte frå «mor og far», staten. Foreldra har kvar sin yndlingsson, men det er kreftar utanfor (gjerne kalla veljarar) som avgjer kven av brørne som til ei kvar tid får størst fordelar.

Eit anna viktig element er at denne forteljinga ikkje er billig. Det kosta faktisk minst tre gonger så mykje som det som var planlagt.

Mongstad-forteljinga har element ved seg som gjer at den appellerer til forteljaren i oss, samtidig er det sider ved den som er såpass kompleks at det stadig finst noko å undersøke. Det kanskje mest interessante er likevel at forteljinga om Mongstad òg kan settast inn i ei større forteljing og bli historia om Statoil.

Då Mongstad-raffineriet blei bygd skjedde det etter initiativ frå Norsk Hydro og British Petroleum (BP), men Statoil overtok gradvis aksjearket og fekk til slutt full kontroll. Kanskje er det eit bilete på Statoil si generelle rolle innanfor norsk oljeindustri? Foto: Equinor

To forteljingar om Mongstad, to historier om Statoil

«Det var knyttet stor prestisje til Mongstad-prosjektet», skriv historikar Gunnar Nerheim.¹ Det er liten tvil om det. Statoil hadde store planar for Mongstad-raffineriet, planar som på mange måtar var knytt til Statoil sine ambisjonar om å vere eit integrert oljeselskap, eit oljeselskap som ikkje berre leita etter og produserte olje, men som òg raffinerte olje og selte oljeprodukt. Arve Johnsen med fleire hadde brukt mykje tid på å overtyde politikarane om at tida no var inne for å bygge ut raffineriet på Mongstad. Kanskje var det eit umedvite ynskje om å vise at Statoil var blitt så vakse at det kunne klare å gjennomføre eit stort og krevjande prosjekt.

Johnsen trengte ikkje å overtyde Arbeidarpartiet om at det var ein god idé. Det hadde tru på ideen – på Statoil. Mellompartia var vanskelegare å appellere til, men til slutt fekk sakta gjennomslag hjå Kåre Kristiansen, KrF-mannen som var statsråd i Olje- og energidepartementet. Høgre gav seg – svært motvillig, skriv Kåre Willoch. Ifølge han sjølv bøygde han av for å unngå ein regjeringskonflikt som ville ende med at regjeringa måtte gå av.²

Då den etter kvart gigantiske budsjettoverskridinga var eit faktum, var ikkje lenger Willoch statsminister i Noreg, men han var likevel ein av dei som ikkje akkurat gjorde det lettare for Johnsen å innrømme at det hadde gått gale.³



Etter kostnadsoverskridingane på Mongstad i 1987 måtte konsernsjef Arve Johnsen gå. Etterpå blei det viktig for han å forklare kvifor. Foto: Equinor

Kanskje er det litt som ein ungdom som har lova foreldra at, jo, han taklar det, han får til den vaksne situasjonen, og så likevel må ringe heim til mor og far for å få hjelp, for å be om meir pengar.

Ei slik historie er det freistande å pynte litt på, jobbe for å eige. Johnsen og Willoch har begge skrive ned deira versjonar av det som skjedde på Mongstad. Begge er dugande ettermælebyggjarar.

Johnsen har fortalt om teikningar som ikkje stemte med terrenget, om prisar som plutsleig var mykje høgare enn dei hadde vore før og om


dårlig timing, men aldri om at det var ein dårlig idé. Statoil var blitt 15 år, det kunne klare seg utan han, har han fortalt.⁴ Selskapet var ikkje noko barn lenger, men det hadde kanskje ein god del av ungdommens trass?

Willoch går lenger i sine memoarar. Det kjem tydeleg fram at trass eller ikkje trass, det var ikkje nokon god idé – ikkje Mongstad, og ikkje Statoil. Slik går det, når staten skal styre eit selskap. Det er aldri ein god idé, sjá berre korleis det gjekk på Mongstad.

Willoch skreiv desse memoarane i 1990. Krassheita er tydeleg å lese i kapittelet om Mongstad.⁵ Kanskje burde Willoch ha venta nokre år med å skrive denne historia. Det finst fordelar med å skrive ned historier medan du har dei friskt i minne, men noko som du hugsar så godt, kan det òg vere litt lurt å få på avstand fyrst, få litt perspektiv til.

Historikar Eivind Thomassen meiner at mangel på avstand er ein av nøkkelen grunnane til at det finst så mange forteljingar om Mongstad. Mange bøker om norsk oljehistorie og om Statoil, påpeikar han, er skrivne på 1990-talet, kort tid etter at Mongstad-saka hadde rast gjennom media. Bøkene er skrivne i ei tid då Mongstad-skandalen kjentest svært essensiell.⁶

Dei som har skrive oljehistorie seinare har kanskje lese desse bøkene og funne Mongstad-forteljinga



Tidlegare statsminister Kåre Willoch er ein av dei politikarane som har meint at overskridingane på Mongstad var eit symptom på det som var gale med Statoil. Foto: Equinor

like viktig. Kanskje er ikkje Mongstad-raffineriet sitt problem at det er knytt store summar til namnet, men at det har konstant dårlig timing?

«Symptomet Mongstad»

Dersom ein søker opp Mongstad på Nasjonalbiblioteket kjem det opp drygt 5000 treff i bøker og nesten 100 000 avistreff.

Eg er langt på veg samd med Thomassen når han meiner at grunnen til at det finst så mange Mongstad-forteljingar er at mange av Statoil-historiene – oljehistoriene – er skrivne kort tid etter Mongstad-skandalen. Det har heller ikkje hjelpt Mongstad sitt rykte at Johnsen og Willoch har skrive utførleg om sine erfaringar. Eg trur likevel ikkje at det er heile historia.

For å forklare kvifor forfattarar og andre meir eller mindre profesjonelle historikarar har kome tilbake til historia om Mongstad, så trur eg det er viktig å anerkjenne at dette er ei god historie, samtidig som det stadig er mogleg å finne nye lag og nye nyanser.

Minst like viktig trur eg det har vore at dette er ei forteljing som seier mykje om Statoil – eller som i det minste har blitt brukt til å seie mykje om Statoil. Arve Johnsen ville, med Mongstad, stadfeste Statoil som eit integrert oljeselskap. Høgre-sida, med Kåre Willoch i spissen, ville stadfeste Mongstad som eit «symptom» på det som var gale i Statoil. Mongstad blei eit symbol for Statoil si utvikling og for Statoil sine skuggesider, eit symbol og eit symptom på utfordringar i Statoil, for forholdet mellom Statoil og Hydro, og for forholdet mellom Statoil og politikarane, både på venstre- og høgresida i norsk politikk.

Mongstad-forteljinga kan lesast som Statoil si historie i miniatyr. Eg trur dessutan mange har

fortalt ho nettopp for å sikre at det var deira versjon av forteljinga som blei ståande, deira Statoil-historie som blei kjent, for vi vil jo alle eige den historia som definerer oss.

Noter

- 1 Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie. En gassnasjon blir til.* Bind 2. Leseselskapet. 1996, s. 249.
- 2 Willoch, Kåre. *Minner og meninger 3: Statsminister.* Schibsted. Oslo. 1990, s. 304.
- 3 Nerheim, Gunnar. *Norsk oljehistorie. En gassnasjon blir til.* Bind 2. Leseselskapet. 1996, s. 249.
- 4 <https://tv.nrk.no/serie/mitt-liv/sesong/2/episode/3> Intervju med Arve Johnsen, lasta ned 9. april 2021.
- 5 Aven, Håvard Brede. *Høgres syn på statleg eigarskap i norsk oljeverksemd 1970–1984.* Universitetet i Oslo. 2014, s. 17.
- 6 Thomassen, Eivind 2021(?). *The Crude Means to Mastery. Norwegian national oil company Statoil (Equinor) and the Norwegian State 1972–2001,* s. 162.